

PRESSEMELDING

Alv Ottar Folkestad til Vestnes Seniorakademi.

Onsdag 12. oktober er det klart for nytt foredrag i regi av Vestnes Seniorakademi. Denne gangen er det Alv Ottar Folkestad, kjent m.a. frå innringingsprogrammet «Naturtelefonen» i NRK Møre og Romsdal, som vil halde foredrag med tittel ***Natur i endring - menneskeskapt eller naturgjeve?***

Folkestad er utdanna ved Universitetet i Trondheim innan zoologi, botanikk og kjemi, og har arbeidd mykje innan offentleg forvaltning og administrasjon med miljøvern som fagområde, både på statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå. Han har dessutan vore – og er – engasjert i ulike interesseorganisasjonar med hovudvekt på naturfag og miljøvern, med Norsk Ornitologisk Foreining (NOF), no BirdLife Norge, som dominerande, og ornitologi som som viktigaste fagengasjement nasjonalt og internasjonalt. Han har vore med som fagkunnig og gjeve innspel i ulike offentlege høyringsprosessar, men også drive rein opplevings- eller interessebasert formidling til publikum.

Vi ønskjer vel møtt til alle interesserte på Myra kulturbygg!